

Vennelaget for Lensmannsgarden

Årsmelding for 2008

31. mars 2009

Vennelaget vart oppretta våren 2008 og det fyrste årsmøtet i Vennelaget var 22. oktober 2008, som berre er litt over 5 månader sidan.

Denne årsmeldinga dekker tida etter årsmøtet 22. oktober 2008.

Hå kommune vedtok 11. desember 2008 å gå vidare med rehabiliteringsarbeidet på løa på Lensmannsgarden, og det vart sett av 3 mill kroner til dette. Rådmann/administrasjon skulle gå i positiv dialog med Vennelaget og avklara m.a. forhold til brannforskrift og kommunen og Vennelaget sine mandat og roller i vidareføringa av rehabiliteringa. Byggkomiteen og personar i styret brukte svært mykje tid på fagleg arbeid og "samarbeid/dialog" med representantar frå Hå kommune fram til slutten av januar 2009. Rådmannen si innstilling til kommunestyret 19. februar 2009 var svært overraskande. Hans innstilling var å bruka løa som lagerplass for kommunen.

Stavanger Aftenblad refererte i bladet 20. februar frå kommunestyremøtet, og det som vart referert frå Jonas Skrettingland sitt innlegg var dekkande for korleis Vennelaget ser på kommunen si framferd i "samarbeidet/dialogen". Stiat: "Jonas Skrettingland (KrF) var uvanleg klar: - Me var kanskje litt optimistiske då me i desember vedtok at administrasjonen skulle gå i positiv dialog med vennelaget. Det var eit vedtak med stor tiltru til administrasjonen. Eg vart skuffa då eg såg resultatet. Forslaget om å setja vennelaget og lokalt initiativ til sides og gjera løa til lagerplass, gjorde meg forundra. – Eg veit kommunikasjon kan vera vanskeleg. Men det er skjeldan me opplever at ein part brukar dialog for å spela medspelarar ut over sidelinja. Når nokon ventar takk og berre får utakk, skal det mykje til at motivasjonen vert halden oppe. I denne saka har eg vorte skuffa over administrasjonen sin evne til å utføra det kommunestyret bad om. Eg lurar på om det er evna eller viljen som manglar. Å gjera løa til lagerplass er avsporing. Me har vedteke at den skal bli kulturell møteplass, sa han". Sitat slutt.

Kommunestyret sette administrasjonen til side og oppnemnde eit politisk utval på sju personar til å ta arbeidet med løa på Lensmannsgarden vidare. Me har tiltru til at dette utvalet vil utføra denne oppgåva på ein god måte. Vennelaget sitt tilbod om å utføra det innvendige rehabiliteringsarbeidet står framleis ved lag, slik dette er gitt i Vennelaget sitt dokument av 26. august 2008; "Lensmannsgarden på Varhaug – Forslag til vidareutvikling". Me reknar med at det politiske utvalet vil takka ja til dette tilbodet.

Styret har i perioden frå 22. oktober 2008 hatt 5 styremøter og 3 arbeidsmøter. Medlemstalet har auka til 174 medlemmer.

Etter det ytre restaureringsarbeidet var fullført sommaren 2008 stod det att omlag 65.000 kr av dei budsjetterte midlene. Vennelaget har brukt delar av desse pengane til montering av snøfangarar på taket på løa.

Fleire nye komitear er oppretta og har starta arbeidet sitt. Komite for organisering av dugnad har kartlagt kven av medlemmane i Vennelaget som har høve til å delta med dugnadsarbeid i det vidare arbeidet på løa. Komite for innsamling av historisk materiale har starta innsamling

av bilete og munnlege historier frå dagleglivet på Lensmannsgarden. Komite for medlemsverving har laga ei brosjyre som skal brukast ved verving av nye medlemmer.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Eldar Odland, nestleiar
Anny Hagesæter, sekretær
Frode Skretting, kasserar
Solveig Aanestad, styrem.
Svein Borgen, varam.

Byggkomite:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

Dugnadskomite:

Eldar Odland
Solveig Aanestad
Oddbjørg Skrettingland
Geir Egil Rosland

Medlemsverving:

Svein Borgen
Asgerd Strømsvik Tjemsland
Hans Vagleik Jakobsen

Innsamling av historisk materiale:

Solveig Aanestad
Gunnar Husveg
Eirik J Varhaug
Gudrun Tora Norli Husveg

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)